



Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Samnanger kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Samnanger kommunestyre har i møte 03.12.2020, sak 104/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Samnanger kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

*Etter budsjett og økonomiplan planlegg kommunen med netto driftsresultat mellom 0,1 og 1,1 prosent av driftsinntektene. Det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på over tid er på 1,75 prosent. Dette er òg målalet til Samnanger kommune for eit korrigert netto driftsresultat. Gjennom ei forbetring av resultatata utover økonomiplanperioden, kan kommunen byggje opp ein tilstrekkeleg fri eigenkapital til å møte utføresette hendingar og andre utfordringar med økonomiske konsekvensar, ta vare på formuen og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Dette vil òg leggje til rette for gode tenester til innbyggjarane.*

*Statsforvaltaren har tidlegare peika på kommunen si høge lånegjeld. I økonomiplanen er det lagt opp til å ikkje auke lånegjelda, men ein når ikkje målalet som kommunestyret har sett. Statsforvaltaren meiner at kommunestyret må prioritere å redusere lånegjelda når dei skal handsame og vedta budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025.*

### Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på kr 345 000, som utgjer 0,15 prosent av driftsinntektene. Etter budsjettert bruk av bundne fond på 1,4 mill. kroner, er det avsett 1,8 mill. kroner til disposisjonsfondet. Etter førebels rekneskap for 2020 var fondet på 8,6 mill. kroner, som



utgjør 3,6 prosent av driftsinntektene.<sup>1</sup> Tilsvarende tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 11,7 prosent, og for samanliknande kommunar (Kostra-gruppa) er det 9,5 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettert med 166 mill. kroner, inklusiv 2 mill. kroner i koronakompensasjon. Prognosen til KS etter framlegg til revidert nasjonalbudsjett er på 169,1 mill. kroner, av dette 3,6 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følgje av koronapandemien.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettert med 15,2 mill. kroner, det same som faktisk inntekt i 2020. Gevinst for sal av konsesjonskraft er lagt inn med 3 mill. kroner, som er ei halvering samanlikna med 2020. Etter prognosar frå Fiskeridirektoratet er inntekter frå Havbruksfondet budsjettert til 0,8 mill. kroner. Med årsak i færre busette flyktningar er integreringstilskotet lagt inn med kr 290 000, ein reduksjon frå 1,2 mill. kroner i 2020. Netto finansutgifter er budsjettert til 12,1 mill. kroner, tilsvarende som førebels rekneskap for 2020.

Samanlikna med 2020-budsjettet er sum driftsinntekter nominelt auka med 4 mill. kroner og driftsutgifter auka med 6 mill. kroner. Samla netto løyvingssamme for tenesteområda (sektorane) er på 171,4 mill. kroner, som er ein nominell auke på 6,5 mill. kroner samanlikna med 2020.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 28 mill. og tilskot til andre sine investeringar med 0,4 mill. kroner. Dette skal finansierast med 18 mill. i nye lån og 5,5 mill. i ubrukne lånemidlar, kompensasjon meirverdiavgift 3,2 mill., tilskot 0,5 mill. og fond 1,1 mill. kroner. Av lånefinansieringa gjeld 13 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Førebels rekneskap for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 260,4 mill. kroner, som utgjør 108 prosent av driftsinntektene. Tilsvarende er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 117 prosent og for Kostra-gruppa 100,8 prosent.<sup>2</sup>

### **Økonomiplan 2021 – 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til at samla driftsinntekter blir redusert med 4,2 mill. kroner, til 226,3 mill. kroner. Sum driftsutgifter har ein større reduksjon, frå 231,7 mill. i 2021 til 222,7 mill. i 2024. I desse endringane ligg netto reduksjonar i rammene for tenesteområda med til saman 2,5 mill. kroner. Årlege netto finansutgifter aukar frå 12,1 mill. i 2021 til 15,2 mill. kroner i 2024. For heile økonomiplanperioden er det i sum budsjettert med netto driftsresultat på 7,7 mill. kroner. Etter bruk av bundne fond og overføringar til investeringsbudsjettet, er det i sum planlagt å avsetje 10,4 mill. kroner til disposisjonsfondet. Fri eigenkapital i drifta blir etter dette 19 mill. kroner, og vil utgjere om lag 8 prosent av driftsinntektene.

---

<sup>1</sup> og <sup>2</sup> Kostra-tal, førebelse 2020 (kommunar inkl. kommunale føretak (KF), IKS og interkommunale samarbeid)



I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 65,5 mill. kroner, som skal finansierast med nye lån på 48,3 mill. kroner, momskompensasjon, tilskot, fond og overføring frå drift (0,5 mill. kroner).

Brutto langsiktig lånegjeld er ved utgangen av 2024 for kommunekassa berekna til 259,4 mill. kroner, ein reduksjon frå 260,4 mill. kroner i 2020.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har tidlegare i budsjett- og økonomiplan 2020 – 2023 vedteke følgjande finansielle måltal:

- Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter på 1,75.
- Lånegjelda skal ikkje overstige 240 mill. kroner.
- Disposisjonsfondet skal liggje på om lag 15 mill. kroner.

Etter budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2021	2022	2023	2024
Korrigert netto driftsresultat <sup>1)</sup>	1,75 %	0,77 %	1,5 %	1,1 %	1,47 %
Lånegjeld i mill. kroner	< 240 mill.				259 mill.
Disposisjonsfond	15 mill.				19 mill.

<sup>1)</sup>Netto driftsresultat etter korrigeringar for bruk eller avsetjing av bundne fond.

### Statsforvaltaren sine vurderingar

*Før bruk av bundne driftsfond er det i budsjett og økonomiplan budsjettert med netto driftsresultat mellom 0,1 og 1,1 prosent av driftsinntektene. Den generelle norma er på 1,75 prosent, som er det anbefalte resultatet kommunane bør liggje på over tid. Dette er òg målalet til Samnanger kommune for eit korrigert netto driftsresultat. Gjennom ei forbetring av resultatata utover økonomiplanperioden, kan kommunen byggje opp ein tilstrekkeleg fri eigenkapital til å møte uføresette hendingar og andre utfordringar med økonomiske konsekvensar, ta vare på formuen og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Dette vil òg legge til rette for gode tenester til innbyggjarane.*

*Statsforvaltaren har tidlegare peika på kommunen si høge lånegjeld. I økonomiplanen er det lagt opp til å ikkje auke lånegjelda, men ein når ikkje målalet som kommunestyret har sett. Statsforvaltaren meiner at kommunestyret må prioritere å redusere lånegjelda når dei skal handsame og vedta budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*